


+ KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 4 HAUSTEN 2014
39. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Per Inge Hove	56 19 22 93
Baard Eikaas	56 19 22 84
Ruth Hauge	56 19 22 86
Helga Mjelstad	56 19 22 85

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Organist Per Inge Hove	976 57 481
Organist Baard Eikaas	936 72 224

Trusmedarbeidar

Helga Mjelstad	480 95 658
----------------	------------

Kyrkleleg fellesråd:

Jenny Eikeland: Hamre sokn leiar
Margrethe R. Ådland: Haus sokn nestleiar
Wenche Fiskesteth: Bruvik sokn
Liv Skår: Gjerstad sokn
Jan Roald Myking: Hosanger sokn
Audun Mosevoll: Representerer Osterøy kommune
Inge Sørheim: Representerer Bjørgvin biskop

Soknerådsleiarar:


Gjerstad: Sveinung Hartveit
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Marit Angelskår
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskesteth

Kyrkjhelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Madli Hannisdal

Layout: Oda Karoline Foldøy



Ein fin sommar har ført til ein rik haust. Det bugnar i hagane der stormkasta i august ikkje fekk tak. Den beste kornhausten i landet på mange år, kan vi lesa. Ein sommar som overgår det meste av det vi har opplevd tidlegare skal vi tru verstatistikken.

Og så har det vore ein sommar med mykje uhygge, krig og ekstreme handlingar ute i den store verda. Vi krympar oss og vonar at moderate krefter kan ta over for dei ytterleggåande, at konfliktar kan løysast gjennom samtalar og avtalar, og at menneskeverdet skal koma på dagsorden igjen.

Biletet på framsida er laga av ungararen *Henrik Stefan* (1896 – 1971) i 1920, og ber tittelen "Den gode samaritanen". Det er dystert i fargevalet, naturen er i ubalanse, det er som om noko ligg og ventar på å braka laus. Eselet bak merkar det, er skremt og står som ein mørk siluett med øyrene som antenner mot himmelen.

Men mellom dei to personane er det god kontakt. Midt i all ufreden har dei skapt ei boble å kvila i, både offeret og hjelparen. Kunstnaren har brukt Jesus si forteljing til å seia oss noko om si eiga tid og også vår, for han har gjort personane tidlause ved å gjera utsjånaden nøytral og ikkje knytt til nokon epoke. Første verdskrigen var akkurat slutt. Og det skulle ikkje gå lenge før våpensmiene arbeidde for fullt igjen.

Kunstnaren var berre 24 år då han måla biletet og målarteknisk er han inspirert av kunstnarar frå si samtid. Han har konsentrert forteljinga om den skadde og samaritanen, og utelete framstillingar av dei som gjekk forbi utan å hjelpe. Vi kan lesa forteljinga om den miskunnsame samaritanen i Lukas-evangeliet, der Jesus vil minna oss på at vi har ansvar for dei som har det vondt. Det er på mange måtar ei tidlaus forteljing, for til alle tider har det vore menneske som har lidd naud og som har hatt bruk for hjelp. Men kanskje akkurat i desse dagar kan ei påminning vera på sin plass. I bibelforteljinga er det ein som står lågast i rang, ein samaritan, som kjem til hjelp. I dag er det dei krigsherja landa der ute som sjølve må ta den største børa med flyktingestraumane.

- Kristoffer Foldøy

Superkristen..

Andakt v/ Tom Sverre Tomren

Midt i ein god prat med tenåringen proklamere han: "Han er bare sååå superkristen asså!". "Kva er ein superkristen?" spør eg. "Det er ein som snakkar om Jesus og som ber og som går i kyrkja", svarar han og er litt oppgjeven over presten sin mangel på kunnskap."Grunnen til kunnskapsløysa hjå presten er ordet "superkristen" det er ungdomssjargong, og relativt nytt i språket", svarte eg han med eit smil.

Samtalen med konfirmanten levde vidare inni meg og utfordra tankane mine. Sjølv om ordet Superkristen er av ny dato er ikkje førestilinga så ny. Då eg var ung snakka vi om dei "personlege kristne" og "vanleg kristne". I andre samanhengar snakkar ein om dei "vekte" og "dei uvekte". Ideen er at nokon er meir kristen enn andre kristne. I denne logikken er kristen eit adjektiv som kan gradbøyas: Kristen, meir kristen, mest kristen.

For meg er det noko som skurrar når vi byrjar å gradere kvarande sitt forhold til Gud. Bakteppe for den kristne bodskapen er jo nettopp at ingen av oss er i stand til å prestere religiøsitet som fører oss til Gud. Heilt sidan det fyrste mennesket braut med Gud i Ur-tida, har vi mangla åndeleg retningssans.

Ingen av oss er i stand til bli "super nær Gud" med eiga kraft. Men sidan vi ikkje kan finne Gud – kjem han til oss og leitar oss opp. Det er difor Jesus blei fødd. For å finne oss som går oss vill- og det gjeld vel i grunnen oss alle? Det vi kan gjere der vi virrar retningslaust rundt, er å la oss bli funne, la oss bli omfamna av Jesus kjærleik. Utan å trekke oss unna. Og så vil Jesus lede oss skritt for skritt på den vegen som han kjenner.

I Paulus brev til Efeserane står det slik:" For av nåde er de frelse, av tru. Det er er ikkje dykkar eige verk, det er Guds gav. Og det kvilar ikkje på gjerningar..."

Å være kristen er ikkje eit skulefag der ein skal få karakterar på trusprestasjon eller trusstyrke, men å være kristen er å ta imot gava som er Jesus kjærleik. Det er meir "ja eller nei " enn "mykje, meir, mest".

Å være superkristen er vel det same som å tru på noko supert: På Jesus Kristus?


Ungdommane kan jammen få ein til å tenkje.



HEILT 1.KLASSES I HAMRE KYRKJE

Torsdag 21.august var mange førsteklasses førsteklassingar samla i Hamre kyrkje. «Heilt 1.klasses» er eit nyttil tilbod for denne aldersgruppa. Dette er ei skulestart-markering med fokus på at barna er heilt førsteklasses og elска av Gud. Barn frå Hamre og Hosanger sokn var inviterte til denne samlinga. Dei deltok ivrig i song og aktivitetar, endå dei hadde vore på skulen tidlegare på dagen. Heilt musestille var det når Bibelforteljinga om Jesus og Bartimeus blei dramatisert. Alle fekk utdelt 6-årsbok med arbeidsbok. 1.klassingane fekk gjera seg kjende med kyrkjeromma og arbeida i arbeidsboka. Dei laga eit felles formingsarbeid, som no heng i leikekroken bak i kyrkja. I borgstova fekk me servert eit flott kveldsmåltid med skiver og pålegg. Takk til alle barn, foreldre og frivillige medarbeidarar, som deltok på denne samlinga!

*Trusmedarbeidar
Helga Askeland Mjelstad*



BARNEKOR

Denne hausten vil kantorane i samarbeid med trusmedarbeidar organisera prosjektkor i kyrkjene. Det vil sia at barn frå 1.-7.klasse kan få delta med song på gudstenester berre ved å øva 1-2 gongar før gudstenesta. Ein treng dermed ikkje øva ein fast vekedag. Det kan også variera kva barn som deltar. På denne måten kan barna bli meir aktive deltagarar på gudstenestene. Me har allereie møtt mange flinke og syngjande barn rundt om på øya vår. Dei vil me gjerne ha med vidare. Dersom nokon er interesserte i å prøva dette, kan de ta kontakt med oss via e-post: helga.askeland.mjelstad@osteroy.kommune.no

- Trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad



Velkommen til pensjonistsamlingar i kyrkjelydshuset i Haus hausten 2014:

**DET VERT FØLGJANDE DATOAR
frå kl 13.30- 15.30:**

Tysdag 9. sept.

Tysdag 23.sept

Tysdag 7. okt

Tysdag 21.okt

Tysdag 4.nov.

Tysdag 18.nov

Tysdag 2.des. kl.12.00. i kyrkjelydshuset juleavslutning
med middag, kaffi og mykje kjekt program.

Håpar du har lyst å koma, inviter gjerne nokon fleire med
deg.

Treng du skyss kan du ta kontakt med Berit Berland
56390087 eller Ågot Mjølkeråen 56390170

- Haus sokneråd

Diakoniutvalet

Før sumaren har vi organistar informert om liturgisk musikk-reforma i ulike høve i kyrkjelydane her på Osterøy. Vi har og lagt fram ein plan for korleis me kan gjennomføre reforma lokalt. Alle sokneråda på øya har godkjenne planen vår.

Liturgisk musikk-reforma er ein del av gudstenestereforma 2011. I samband med at alle kyrkjelydane no har laga ei eigen «lokal grunnordning» for gudstenester, er det også høve til å velja kva for melodiar ein skal sygne liturgien på. Dette gjeld då særleg fire faste liturgiske ledd: Kyrie, Gloria (Ære være Gud...), Sanctus (Heilag, heilag, heilag...) og Agnus Dei (Du Guds lam...). Ei samling av melodiar til desse liturgiske ledda, kallar me for ein serie med liturgisk musikk. I samband med reforma, har Kyrkja sentralt gjeve ut ein tjukk perm med slike seriar, som kyrkjelydane kan velja frå.

Me ønskjer å unngå at me endar opp med ulik liturgisk musikk i alle kyrkjene våre. Difor har me gått inn for ei stor-samling, som skal finne stad i Gjerstad kyrkje, der me skal presentere – og syngje oss gjennom! – eit knippe utvalde alternativ av nye seriar med liturgisk musikk. Deretter vil det verte ei avstemming der me kårar ein “vinnarserie”. Det vert så opp til sokneråda om ein vil nytte denne nye serien, eller den me brukar i dag. Framover vil kyrkjelydane altså kunne velja mellom den musikken me har i dag, og ein ny serie. Den nye serien skal vi velja i Gjerstad kyrkje 15. oktober. Denne samlinga vert felles for alle kyrkjelydane på Osterøy.

Det er veldig viktig at alle som har engasjement og meininger omkring framtidas liturgiske musikk på Osterøy kjem denne kvelden. Samlinga vert 15. oktober kl. 19.00 i Gjerstad kyrkje. Vel møtt, om de likar å syngje, eller berre lytte! Vi håper at reforma kan bidra til å vitalisere og inspirere songen og musikken i kyrkjene våre!

Av kantorane dykker, Per Inge Hove og Baard Eikaas.

PINSE I BRUVIK



Då gudstenesta starta søndag 8 juni i Bruvik kyrkje, gjekk sokneprest Tom Sverre Tomren framst i prosesjonen med Kamerun sitt nasjonalflagg. Deretter kom koret som hadde hatt samling dagen før.

Tekst: Wenche Fiskeseth

Foto: Otto Mo

Denne spesielle opptakten til pinsegudstenesta skulle visa til det som hende seinare. Då vart det underteikna ein avtale mellom Bruvik kyrkjelyd i Bjørgvin bispedøme og Det Norske Misjonsselskap om økonomisk støtte til døveskulen i Kamerun. Avtalen gjeld frå 2014 til 2018, og kan justerast og forandrast ved behov. Etter endt periode kan avtalen fornyast. Grete Lunde representerte misjonsselskapet, og Wenche Fiskeseth Bruvik sokneråd.

Barn frå Bruvik som gjekk i 2. til 7. klasse var inviterte til å delta med song på gudstenesta. Dei hadde øving i kyrkja dagen før. Trusmedarbeidar Helga Askeland Mjelstad og kantor Baard Eikaas var ansvarlege for opplegget, i tillegg var Eliane Mo med som hjelpar.

På biletet ser vi dei som var med i koret: Mikael Olsnes Langeteig, Andreas Vik Svåsand, Isabel Olsnes Langeteig, Oskar Skjold Olsen, Selma Skjold Olsen, Ronja Lovise Fredheim Løtveit, Håkon Rene Vik Svåsand, Brage Martin Toskedal Vedaa og Magnus Revheim.



SUNDAG FOR DEI FORFØLGDE

I år er merksemda på trusfridom i Tyrkia i den årlege markeringa av "Sundag for dei forfølgde". Tyrkia er medlem i NATO og ynskjer medlemskap i EU og vert stundom peika på som eit land der folk med ulik tru lever godt saman. Sanninga er at det moderne Tyrkia er bygd opp rundt ein nasjonalistisk ideologi som er skreddarsydd for sunnimuslimske tyrkarar. Mottoet er: "Viss du elskar landet ditt, kan du ikkje verta kristen. Er du tyrk, må du vera muslim". Å verta kristne i Tyrkia i dag, er ofte å verta utstøytt frå familien og missa arbeidet. Dei få promille kristne som er att i dette gamle kristne området, møter diskriminerande avgrensingar for liva sine. Dette har særleg hendt dei siste hundre åra etter folkemordet på mellom ein og to millionar orientalsk-ortodokse kristne syrianarar og armenarar i åra 1914 – 1918, - eit ugjerning som den tyrkiske regjeringa til dags dato ikkje har vore villig til å innrøma. Kristne ungdomar har vanskeleg for å få utdanning og arbeid. Det verserer og lygner og rykte om kristne i media og lærebøker. Det gjer at mange vandrar ut til vestlege land. Det har og vore tilfelle av drap på kristne dei siste åra. Det er langt mellom kyrkjespira i dette landet der Paulus grunnla dei første kristne kyrkjelydane for knapt 2000 år sidan.

Men det finst framleies samfunn av levande kristne. Eit av dei finst i Tur Abdin langt aust i Tyrkia, faktisk i nordenden av den fruktbare Mesopotamiasletta. Der er det omkring 2000 syrianske kristne att i eit område der det var fleire hundre tusen før folkemordet. Fader Joakim har vendt tilbake frå eit trygt liv i Nederland for å restaurera gamle ruinar og halda messer i gjennoppbygde kloster. I kyrkjene i Tur Abdin vert det framleies brukt arameisk mål, det same som Jesus talte. For eit par år sidan var SKRUK der og gjorde opptak av den eldgamle Jakobsliturgien deira. "Song frå katakombene" kalla dei cd-en.

I desse dagar finn kristne flyktningar frå Syria ein fristad og hjelp hjå medkristne i Tur Abdin.

Stefanusalliansen støttar dei kristne i Tyrkia med støtte til kyrkjebygg og kyrkjelydsarbeid i Antalya, hjelpearbeid for syriske flyktningar i Aust-Tyrkia, alliansen av protstantiske kyrkjer i Tyrkia og langsiktig arbeid for menneskerettar. Vil du støtta arbeidet, så bruk **konto 3000 14 57922**.

- Øyvind Vevle



HAUS KYRKJE TRENG OPPRUSTING BÅDE UTVENDIG OG IKKJE MINST INNVENDIG.

Kyrkja i Haus er kraftig malingsliten både innvendig og utvendig. Både tak, veggar og kyrkjebenkar treng å bli oppattmåla. I taket er det sprekkar, for ikkje å snakka om dørene. Teppe på golvet ber prega av sterk slitasje og er modent for utskifting. Haus sokneråd har valt ein komité som skal arbeida med å få i gong opp-pussing. Til dette prosjektet trengs det pengar. Det veit vi av erfaring at vi ikkje kan rekna med å få frå noko kommunebudsjett. Vi er likevel så heldige at det er avsett 300000,- frå fellesrådet til maling og fornying på utsida. Denne summen vil kun dekka det som er heilt nødvendig å ta på veggane på utsida.

Den innvendige opp-pussinga må vi prøva å skaffa midlar til gjennom pengegåver, sponsormidlar og basar. Restaureringa på innsida med maling av tak, veggar og kyrkjebenker er kalkulert til ca. 550000.- I tillegg kjem nytt teppe på ca. 100000.-

Vi trur at folket som bur i Hausbygda og også utflyttarar ønskjer å ha ei kyrkje som vi kan vera stolt av å visa fram i dei mange anledningar vi brukar kyrkja, anten det er dåp, konfirmasjon, vigsel eller gravferd eller vanlege gudstenester.

Haus sokneråd sin visjon er: Saman på vegen- og dette er eit fellesprosjekt som vi håpar mange vil vera med å støtta opp om. Vi håpar på å koma i gang med opp pussinga så snart som mogleg, men vi treng litt sikker økonom i botnen.


Kanskje du kan tenkja deg å gi ei enkeltgåve på t.d kr.1000.- pluss eller minus. Det går og an å gi minnegåver og testamentariske gåver. Kontonummeret til Haus sokneråd er : **3626.50.03529**

Merk giroen: gåve til Haus kyrkje.

- Haus sokneråd.



Litt sprekker i taket.



Ei trekkfull døra ut frå prestesakristiet.



Nedslitte og «sjollete» kyrkjebenkar.



Merka av ver og vind.



Veggane er sterkt prega av flassing og sprekker.



Hovuddøra frå innsida.



Hovuddøra frå utsida.

SJØMANNSKYRKJA 150 ÅR!

Sjømannskyrkja vart grunnlagd 31. august 1864 i Bergen. Initiativtakar var presten Johan Cordt Harmens Storjohan (1832 - 1914)


Frå først av hadde den friviljuge organisasjonen tittelen "Forening til Evangeliets Forkyndelse for Skandinaviske Sjømænd i fremmede Havner". Målgruppa var norske sjøfolk i utanriksfart. Organisasjonen blei omtala både som "Sjømannsmisjonen" og "Sjømannskyrkja". I 1990 kom "Den norske kyrkja i utlandet" med som eit tillegg. Og frå 2003 er det offisielle namnet på organisasjonen "Sjømannskyrkja. Norsk kyrkje i utlandet".

Den første sjømannskyrkja vart oppretta nær Edinburgh i Skottland i 1865. Omlag samstundes vart det også opna ei slik kyrkje i Antwerpen. I dag er sjømannskyrkjene 32 i talet med omlag 200 tilsette. Organisasjonen har utanom det ei internett-kyrkje, ni Nordsjø - prestar, fire studentprestar og sju reiseprestar. Sjømannskyrkjene tek ansvar for kyrkjelege handlingar som dåp, konfirmasjon og begravelsar. Mange av kyrkjene ordnar også med bryllaup.

Sjømannskyrkja står under kyrkjeleg tilsyn av bisoppen i Bjørgvin, og har framleis hovudkontoret i Bergen. I dag ønskjer ein å framstå som ein kyrkjeleg, kulturell og sosial møtestad for alle nordmenn i utlandet. Ikkje minst i område med stor pågang av norske langtidsferierande spelar kyrkja ein viktig rolle.


Tekst: Kristoffer Foldøy

I Hamre kyrkje vert jubileet markert med ei musikkgudsteneste søndag **28.09. klokka 19.00**



Konstituert Generalsekretær Jan Olav Johannessen (Foto: Sjømannskirken)

TUR TIL UTVANDRINGSSENTERET PÅ SLETTA



Immigrantkyrkja på Sletta.



Frå Hella skulestove.



Tid til avslapning.



Det vesle kapellet.

Tysdag 20. mai arrangerte misjons- og diakoniutvalet i Haus tur for eldre til Radøy. Turen gjekk først til utvandring- senteret på Sletta der vi besøkte emigrantkyrkja og fekk sjå både film og omvising på området. I tillegg til kyrkja er det fleire bygningar som gir eit inntrykk av korleis dei norske immigrantane sine busetjingar var i USA i den første tida. Dette er eit viktig stykke norsk historie som er blitt bygt opp på Sletta med mykje frivillig innsats og dugnad.

Etter besøket på Sletta kjørte vi vidare til Hella skulestove på Radøy. Tidlegare rektor ved skulen, Steinar Vågenes og kona hans Helene, har kjøpt denne nedlagte skulen og driv den i dag som selskapslokale. I tillegg har dei bruktbutikk og litt museum frå eldre tider. På området har dei også bygd eit liten kapell som er tenkt til stillhet og rekreasjon. Overskotet på bruktbutikken går til hjelpearbeid i Moldova. Vi fekk servert nydeleg god mat og fekk god tid til å vandra rundt på området, til litt handling i bruktbutikken og å slappa av og prata med kvarandre. Vi hadde leigt O-buss og ein triveleg sjåfør frå Øynæ. På heimvegen gav Ågot Mjølkeråen oss eit glimt med krigsminne frå Hordvik der ho har vokse opp og frå Klauvaneset der det i dag står krigsminnesmerke. Det var ein flott tur og kjempefint ver og dei 24 deltakarane verka veldig fornøgte.

- Madli K Hannisdal



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

SEPTEMBER

14. september 2014, 14. sundag i treeiningstida Mark 5.35-43

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til KRIK - Kristen Idrettskontakt. Kyrkjekaffi.

Hosanger kl 16: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til KRIK - Kristen Idrettskontakt.

21. september 2014, 15. sundag i treeiningstida Mark 1.40-45

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Konfirmantpresentasjon. 50-årskonfirmantjubileum. Tomren. Kyrkjevandring. Takkoffer til Samarbeidende kyrkjelyd i Tello.

28. september 2014, 16. sundag i treeiningstida Luk 9,57- 62

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Terje Buland og Tove Sneås Skauge fra NLA deltek. Takkoffer til NLA Høgskolen.

Hamre kl 19: Musikkgudsteneste i samarbeid med representant fra Sjømannskirken. Frida Sofies Husorkester syter for musikken. Markering av at Sjømannskirken er 150 år. Takkoffer til Sjømannskirken. Vaflar.

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. 50-årskonfirmanter. Tomren. Prostevitjing av Øystein Skauge. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

OKTOBER

Sundag 5. oktober 2014, 17. sundag i treeeingstida

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Hausttakkefest. 50- og 51-årskonfirmanter. Børge Ryland. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Sundag 12. oktober 2014, 18. sundag i treeiningstida Luk 12,13-21

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 19. oktober 2014, 19. sundag i treeiningstida Luk 10,25-27

Gjerstad kl 16: Gudsteneste. Hausttakkefest. Dåp. Utdeling av bok til 4-åringane. Tomren.

Haus kl 11: Gudsteneste. Hausttakkefest. Dåp. Utdeling av 4-årsbok. Trusmedarbeidar deltek. Tomren. Takkoffer til

Bergen Søndagsskulekrets. Saft, kaffi og bollar.

Hosanger kl 16: Familiegudsteneste. Dåp. Sprell levande gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Trusmedarbeidar deltek. Sørheim. Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter. Kyrkjekaffi.

Sundag 26. oktober 2014, Bots- og bededag Luk 15,11-32

Hamre kl 16: Familiegudsteneste. Dåp. Sprell levande gudsteneste. Utdeling av 4-årsbok. Sørheim. Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter. Kyrkjekaffi.

Gjerstad kl 19: Ungdomsgudsteneste. Tomren.

NOVEMBER

Laurdag 1. november 2014, Helgemesseafstan

Hosanger kl 16: Minnegudsteneste. Sørheim. Open kyrkje og kyrkjekaffi etter gudstenesta.

Hamre kl 18: Minnegudsteneste. Sørheim.

Sundag 2. november 2014, Helgemessesundag

Haus kl 11: Minnegudsteneste. Tomren. Offer til kyrkjelydsarbeidet ved utgangen. Kyrkjekaffi.

Gjerstad kl 19: Minnegudsteneste. Tomren.

Sundag 9. november 2014, 22. sundag i treeeingstida Luk 6,20-23

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 16. november

Hosanger kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Sundag 23. november 2014, Domssundag

Gjerstad kl 11: Familiegudsteneste Lys Vaken. Tomren. Trusmedarbeidar Helga A. Mjelstad.

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Sundag 30. november 2014,

Haus kl 11: Familiegudsteneste Lys Vaken. Trusmedarbeidar deltek. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Bruvik kl 19: Lysmesse/julekonsert. Konfirmantane m.fl. deltek. Tomren. Takkoffer til Døveskulen i Kamerun.

Hosanger kl 11: Sprell levande Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Osterøy søndagsskulelag. Dåp. Nattverd.

KONSERTAR

SUNDAG 21. SEPTEMBER 2014

Haus kyrkje kl 19:30
Salmekveld

SØNDAG 12. OKTOBER 2014

Hosanger kyrkje kl 18
Konsert med Jensens Jazz-hus

Dei spelar jazzprega ting, litt amerikansk, ispedd folketonar og kjende ting frå salmeboka og brukar gjerne eigne arrangement.

Gruppa består av: Magnus Kløften, som spelar orgel og piano og er kantor på Voss

Kåre Nytun spelar gitar. Han er og gitarist i Hot cl d Ålesund.

Erlende Jensen er saxofonist og er musikklærar på Voss.

Trond Matre spelar Bass og er p.t. bassist i Voss storband og i gruppa Wannebes.

Gruppa brukar gjestesolist Dorthea Bergo, eit stortalent som går siste året på musikklinja Voss gymnas.

FREDAG 31. OKTOBER 2014

Hosanger kyrkje kl 19
Konsert med Solveig Slettahjell.
Arr.: Hosanger sokneråd



Slekters gang

Døypte:

Haus

13.07. Håkon Rivenes Lone

17.08. Oskar Krossøy

17.08. Oline Krossøy

Gjerstad

10.08. Sanna Dahle Larsen

10.08. Julian Gjeitrem Kallekleiv

10.08. Henrik Vik Rønnestad

07.09. Malena Revheim

07.09. Chris Oliver Hartveit Pedersen

07.09. Jenny Sture

Hamre

15.06. Kristina Seeberg Halvorsen (døypet i Fusa)

29.06. Brybjar Matheo Tepstad Børteit

29.06 Theodor Mjelstad Svardal

29.06. Maria Burkeland

29.06. Mathea Daltveit

03.08. Aksel Bergstad Raknes

31.08. Jacob Hauge

31.08. Oline Velure Daltveit

31.08. Noah revheim Aksnes

31.08. Trym Fosse-Raa

31.08. Emil Fosse Birkeli

31.08. Nathalie Myking Vedå

31.08. Natalia Eide Bødvarsdottir

Hosanger

08.06. Rakel Birkeland

08.06. Theodor Ahmer

22.06. Jan Fredrik Sørensen Ahmer

22.06. Linus Rongved Fitje

07.09. Aron Tysse

Bruvik

24.08. Adrian Andersen Kallekleiv

Vigde:

Hamre

07.06. Christine Børteit Skau og Martin Bakke

21.06. Marjorie Ann Nini Simon og Magnar Andre Myking

05.07. Grete Borgan Bernes og Sondre Vedå

12.07. Hanne Skaar Hernes og Henrik Thunes Nygaard

16.08. Sophie Betine Vågenes og Svein Olav Sandal

Hosanger

14.06. Ida Hanstvedt Myking og Morten Borg

21.06. Ragnhild Reigstad og Daniel Kleiveland

28.06. Line Hellevang og Tor Gunnar Haugen

28.06. Ann-Kristin Indahl Lavik og Ørjan Daltveit

28.06. Eva-Kristin Næss Breistein og Terje Fanebust

26.07. May Sissel Hopsdal og Dag Erlend Båtnes

02.08. Rikke Rützou Verstergaard og Halvard Løvik

30.08. Karina Balestrand og Helge Andre Kallekleiv Torp

Haus

27.06. Camilla Litangen Sleire og Richard James Reed

02.08. Karoline Mjelde og Trond Loftås

Bruvik

28.06. Annike Røisæth Solberg og Erlend Nøttveit Seilen

Gjerstad

21.06. Lovise Mari Antun Hopsdal og Erlend Daltveit

18.07. Karin Revheim og Helge Låstad

02.08. Randi Brekke og Thor Arne Adiego

Gravlagde:

Bruvik

29.11.13 Ingeborg Vik (f.1920)

Hosanger

06.06. Harald Kleiveland (f.1924)

01.08. Kurt Leif Pedersen (f.1951)

16.07. Ingeborg Hoshovde (f.1928)

Hamre

13.06. Jostein Kallekleiv (f.1941)

29.08. Randi Berthelsen (f.1943)

Haus

17.06. Oddmund Veseth (f.1919)

04.07. Jarle Rolland (f.1954)

10.07. John K. Rolland (f.1928)

12.08. Atle Johan Sørensen (f.1946)

15.08. Bergljot Skjerping (f.1935)

Gjerstad

10.07. Gudrun Nygard (f.1923)

TAPT

Nokre gonger tapar vi ein fotballkamp eller eit veddemål med kameratane. Andre gonger opplever vi langt meir alvorlege tap. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

MISTET

Nokre gonger mistar vi ein paraply eller ein hanske. Andre gonger opplever vi å miste noko langt meir alvorleg. For dei tapa finst Kirkens SOS, menneske med erfaring i å lytte til og støtte andre. Ring oss anonymt kva tid som helst på 815 33 300 eller kontakt oss på kirkens-sos.no. **Vi er her. Alltid.**



TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

SØNDAG 28. SEPTEMBER KL. 19

vert det musikkgudsteneste i Hamre kyrkje. Frida Sofies Husorkester står for musikken. Dei har vore på tur til sjømannskyrkjene i Spania, med kjente og kjære tonar. Mange av desse får vi høre i kyrkja denne kvelden. Her blir det både konsert og allsong. I år feirar Sjømannskirken 150 år, og Sjømannskirken vil vere representert.

Hamre sokneråd stiller med vafler.

Velkommen!



Vi vinkar farvel til ein vakker sommar, og neste nummer kjem ut når haust skal bikka over til vinter. Frist for innsending av stoff til adventsnummeret er **15. november**.

Kristoffer Foldøy
E-post: krifolder@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no